

# Alver Venstre.

Program 2024-2028



**Marius Hellan Hindenes**

**Ordførarkandidat**



**VENSTRE**

# **Innhald**

	<b>Sidetal</b>
<b>1. Fellesskap, openheit, etikk og lokaldemokrati</b>	<b>2</b>
<b>2. Klima og miljø</b>	<b>3</b>
<b>3. Gode og trygge oppveksttilhøve</b>	<b>5</b>
<b>4. Venstre vil utvikle heile Alver kommune</b>	<b>6</b>
<b>5. Omsorg når du treng det</b>	<b>8</b>
<b>6. Framtidsretta arealpolitikk for heile kommunen</b>	<b>9</b>
<b>7. Eit mangfaldig idretts- og kulturliv</b>	<b>9</b>
<b>8. Kommunikasjon og samferdsel</b>	<b>11</b>
<b>9. Næringsliv</b>	<b>11</b>
<b>10. Eit likestilt og inkluderande arbeidsliv</b>	<b>12</b>
<b>11. God arbeidsgjevarpolitikk</b>	<b>13</b>
<b>12. Betre dyrevelferd</b>	<b>13</b>

## **1. Fellesskap, openheit, etikk og lokaldemokrati**

Alver Venstre er eit parti som har fokus på god og berekraftig naturforvaltning, der miljø og folkehelse får stor fokus og høg prioritet. Partiet vil arbeide for fleksible løysingar i forvaltninga og drifta av kommunen, og arbeide for at kvart menneske får stor fridom til å utvikla seg og bestemme sjølv sitt liv og virke, utan for mange avgrensingar og byråkratiske sperrer.

Vidare vil me arbeide for at forvaltninga vert så open som mogeleg, og at fellesskapet sine løysingar skal gå framføre private interesser, der desse står i strid med kvarandre. Private interesser skal ha legitim rett til å påverka politikken, men skal ikkje kunna jobba i det skjulte. Innbyggjarane skal vite at Venstre vil ha openheit og eit levande demokrati, der gode vedtak skal byggjast på gode og grundige prosessar og opne debattar i dei politiske utvala og i kommunestyret. Venstre vil kjempa for det beste i lokaldemokratiet og det kommunale folkestyret.

### **Alver Venstre vil:**

- Vera ærlege og opne om politiske mål, og sikre at lojaliteten skal ligga til innbyggjarane og fellesskapet sitt beste.
- Informera om viktige saker gjennom tilgjengelege kanalar.
- Jobba for meir openheit i kommunen.
- At kommunen kommuniserer viktige saker til innbyggjarane, og har gode rutinar for informasjonsflyt.
- Vera ein positiv og open samarbeidspart med andre politiske parti.
- Passe på at ingen skal kunne bruke sin politiske makt til å gje fordelar til sine venner og kjente i strid med fellesskapet sine interesser og verdiar.
- Sikre dei tilsette sine interesser, og arbeide for at kommunen har eit godt og nært samarbeid med både arbeidstakarane sine organisasjonar og med brukarane av offentlege tenester.
- Opprette gåve- og lobbyregister.
- Gje alle innbyggjarar gratis tilgang til informasjon om plikter og rettar.
- Arbeide for røysterett til 16-åringar ved lokalval i Alver.
- Arbeide for eit godt regionalt samarbeid i Nordhordland, og bidra til at Alver som den største kommunen også tek omsyn til og fremjar interessane til nabokommunane.

## **2. Klima og miljø**

Jordkloden vår er under eit enormt press frå utslepp av klimagassar og andre forureiningskjelder som trugar livet både til land og til havs. Me må unngå at dei unge, som skal arve kloden etter oss, får store humanitære og økologiske katastrofar i fanget fordi me ikkje har gjort det me kan for ei berekraftig utvikling. er det viktig at kommunen går føre med handlingar, og medverkar til at innbyggjarane våre kan gjere gode val for klimaet og alt det som lever i naturen.

### **Alver Venstre vil ta vare på naturen ved å:**

- Arbeide mot vindmølleparkar i fjell- og kystområda i Nordhordland.
- Bevare mest mogleg urørt natur for framtidige generasjonar i Nordhordland.
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og jobbe for varig vern av sårbare arter, verdifull natur og ta vare på inngrepsfrie naturområde i Nordhordland.
- Forvalte område som er viktige for insekt, og gje innspel til innbyggjarane om kva dei kan gjere for å ta vare på insekta som har stor innverknad på matvareproduksjonen og dyre- og plantelivet.
- Arbeide for eit betre klima og eit betre miljø i Alver kommune.
- Opne opp att fleire elvar og bekkar som er lagde i røyr, for å tilretteleggje for fiske og dyreliv.
- Stanse nedbygging av natur.
- Kartleggje natur i kommunane og innføre naturbudsjett.
- Avgrense naturinngrepa ved utbygging av nye veganlegg og stille krav om erstatningsareal ved tap av verdifull natur.
- Ingen nye hyttefelt i Alver kommune.
- Arbeide mot nedbygging av myr.
- Verne naturområder og utvikle markagrenser rundt tettbyde strøk.
- Statleg sikring av viktige frilutsområder.
- Ta vare på skjergardsnaturen mellom Herdla og Eikeland og heile Eldsfjellet.
- Ta vare på grønstrukturen i og rundt Lonena i Knarvik til beste for folkehelsa og brukarane av dette friluftsområdet.
- Arbeide for at det vert nasjonalpark i fjellområda mellom Romarheimsdalen og Austfjorden
- Ta vare på 1000-årsstaden på Radøy, Nøttveitveten/ Morkefjellet.
- Ta vare på Bjørndalskogen, Gripakletten og Rylandsvassdraget på Holsnøy.
- Ta vare på det intakte og veglause naturområdet mellom Storavatnet på Holsnøy og Radfjorden.

- Ta vare på lynglandskapet og ha høg fokus på lynglandskapsområda Lygra, Uttoska og Syltanaset

### **Alver Venstre vil arbeide for mindre forureining på følgjande måtar:**

- Gje tilskot til oppsamling av plast frå landbruket.
- Arbeide for at det vert fiskeoppdrett i lukka anlegg.
- Støtte opp under plastrydding og etablere gratis deponering/innhenting av oppsamla plast i privat regi.
- Auke kunnskapen om sunt og miljøvenleg kosthald i grunnskulen.
- Auka fokus på miljøvenleg forbruk og berekraftige vanar i grunnskulen.
- Heile den kommunale bilparken skal vere nullutslipp, ved innkjøp eller leasing av nye biler skal det nyttast nullutslepps-bilar.
- Arbeide for fleire ladestasjonar i heile Alver, mellom anna ved å tilretteleggje for private aktørar.
- Innføre klimabudsjett og klimarekneskap og ha revisjon på dette. Det skal gjelde alle direkte utslepp i kommunen og ikkje berre utslepp frå dei kommunale verksemdene.
- Stille krav om utsleppsfrie byggje- og anleggsplassar der kommunen sjølv er byggherre.
- Stille strenge klima- og miljøkrav i alle offentlege innkjøp og styrkje kompetansen i kommunen om klimakrav i anbudsprosessar.
- At klimagevinsten i rehabilitering framfor riving alltid skal vurderast i kommunale eigedomsprosjekt.
- Stille krav om klima- og miljøsertifisering av alle nye bygg.
- Kreve klimatilpassing i alle prosjekt.
- Ha ei målsetting om at energiforbruket må reduserast i framtida, og at ny energi må kome frå solceller og andre fornybare energikjelder.
- Alle nye offentlege bygg må verta klimanøytrale.
- Arbeide for å få på plass ein gå- og sykkelstrategi, med mål om å auke talet på gåande og syklende.
- Fremje bygging med klimavenlege materiale, som til dømes tre og naturvenlege materiale i nye bygg.
- Stille strenge miljøkrav i samband med offentlege innkjøp og større byggjeprojekt, mellom anna ved gjenbruk av materiale
- Ha krav om solcellepanel og/eller andre miljøvenlege løysingar for nye bustader, næringsbygg og offentlege bygg.
- Etablere solceller og/eller andre grønne energiløysinga på alle eksisterande kommunale bygg i samband med rehabilitering.
- Stille krav om utsleppsfri transport i samband med oppdrag for og leveransar til kommunane.

- Leggje til rette for bildelingsordningar, til dømes gjennom anbod på bruk av offentlege parkeringsplassar.
- Vidareføre lokale elbilfordelar som lågare bompengesatsar.
- Støtte opp om låne- og delingsordningar for handverksmaskiner, turutstyr og liknande etter modell frå BUA-ordninga.
- Arbeide for å redusere lysforureining.
- Modernisere avløpsanlegga for å hindre forureining.
- Arbeide for at bustadfelt og tettstader vert sikra mot skogbrannar, ras og flaumskader.

### **3. Gode og trygge oppveksttilhøve**

Alver Venstre vil prioritere barn og unge øverst. Dette inneberer ei satsing på trygge og gode nærmiljø, barnehagar og skular, samt eit mangfald av spennande fritidstilbod. Det er viktig at Alver kommune prioriterer det pedagogiske utviklingsarbeidet, slik at skulane vert endå betre. I dette arbeidet er det viktig å sikre ein god balanse mellom noko som er felles for alle skulane, samstundes som den einskilde skule får fridom til å prioritere eigne utviklingsområde.

#### **Alver Venstre vil:**

- Få bygd Osterhallen
- Få utarbeidd ein skulebruksplan som skal vurdere behov for investeringar, men alt no ser Alver Venstre at det bør byggast ny ungdomsskule på Frekhaug og ny skule på Eikanger.
- Vidareutvikle kvaliteten i dei kommunale barnehagane, og ha godt samarbeid med dei private barnehagane for å sikre det same.
- Innføre rullerande barnehageopptak i Alver.
- Opne for at enkelte barnehagar kan ha utvida opningstid. Det skal vere ei øvre grense for kor lenge barnet kan opphalde seg i barnehagen.
- Sikre god og trygg overgang mellom barnehage og skule.
- Sikre at alle elevar som slit med lesing, skriving eller rekning får intensivopplæring av kvalifiserte personale, slik at alle barn har grunnleggjande ferdigheitar på desse områda alt tidleg i barnehage/skule.
- Ha forsøksprosjekt med ein time med fysisk aktivitet kvar dag i skulen.
- Ha nulltoleranse mot mobbing, utarbeide lokal handlingsplan mot mobbing og ha klare prosedyrar for handtering av mobbesaker.
- Satse på kompetanseutvikling for lærarar, skuleleiarar og assistentar.

- Arbeide for gode ungdomsmiljø ved å ha fleire kommunale ungdomsklubbar drive av ungdomane sjølv i samarbeid med ungdomskoordinatorar.
- Ha tett samarbeid mellom ulike aktørar for å sikre eit godt haldningsskapande arbeid mot rusmisbruk, og elles for å fremje ei sunn folkehelse.
- Styrkje laget rundt eleven ved å tilsetje fleire helsesjukepleiarar, skulepsykologar, miljøterapeutar og rådgjevarar.
- Krevje at universelt utforma læremiddel vert kjøpt inn..
- Styrkje samspelet mellom offentlege og private aktørar for å sikre eit mangfaldig opplæringstilbod, og for å gje eit tilbod for elevar med særkilde behov.
- Gje god alderstilpassa seksualitetsundervisning gjennom heile skuleløpet gjennom samarbeid med helsetenestene.
- Støtte forsøksordningar med nye valfag på ungdomsskulen, både teoretiske og praktiske.
- Gi barn og unge eit godt aktivitetstilbod i skuleferiar, til dømes sommarskule, opne hallar eller anna organisert aktivitet.

#### **4. Venstre vil utvikle heile Alver kommune**

Venstre meiner det er vesentleg at kommunen tar eit større ansvar for å medverke til at folk kan busette seg i heile kommunen. Gode lokalsamfunn er avhengige av ei stadsutvikling som skaper attraktive nærmiljø der folk bur og lever livet sitt. Det kan vi sørge for mellom anna ved å sikre nærleik til gode friluftsområde, viktige offentlege velferdstilbod, arbeidsplassar og private tenester. For Alver Venstre er det avgjerande å sikre god medverknad frå innbyggjarane i samband med utbyggjing og utvikling i alle skulekrinsane.

##### **Alver Venstre vil:**

- At kommunen si handtering av utbyggjing er føreseieleg, serviceinnstilt og effektiv.
- At utbygginga også skjer på nabolaget og miljøet sine premisser.
- Arbeide for å styrke kommuneøkonomien.
- Medverke til sosial bustadbygging, senior- og ungdomsbustader.
- Arbeide for at kommunen kan ta i mot fleire flyktningar og at desse vert godt integrert i samfunnet.
- Bidra til at det blir etablert fleire nyskapande og inkluderande buformer som gjer det mogleg med ein berekraftig livsstil.

- Ta vare på meir natur og sikre tilgang til lokale friluftsområder, utfartsområde og turveggar.
- Etablere fleire grøntområde.
- Sørgje for universell utforming av bygg og anlegg i kommunen.
- Leggje til rette for spreidd busetnad i alle grender.

### **Knarvik som kommune og regionsenter:**

Knarvik er både kommunesenteret for Alver og regionsenteret for Nordhordland. Venstre meiner at denne staden skal utvikla seg til å verta byen i Nordhordland.

### **Alver Venstre vil:**

- Utvikle Knarvik vidare som regionsenter for heile Nordhordland.
- At det skal vere naturleg å lokalisere statleg aktivitet til Knarvik.
- Setje av areal til framtidig kulturhus, skøytebane og symjehall og andre viktige offentlege tenestetilbod.
- Arbeide for å styrke Knarvik vidaregåande skule.
- Ha spennande arkitektoniske løysingar for å styrka Knarvik som senter.
- Etablere gode møteplassar og sentrumsnære bu- og kulturtilbod.
- At kommunen deltek i spleiselag om viktig infrastrukturutbygging.
- Arbeide for at det kjem kulturhus med kino, bibliotek og konsertlokale, samt symjehall sentralt i Knarvik.
- Etablere eit parkvesen for heile kommunen som skal vedlikehalde kyrkjegarder og anna kommunalt parkareal.
- Ha konsentrert utbygging i tettstaden.

### **Frekhaug, Lindås, Manger, Bøvågen, Ostereidet og Vikebø som**

#### **Nær- og lokalsenter:**

Alver venstre vil prioritere utvikling av desse tettstadane. Alver venstre vil sikre at ein har eit desentralisert tenestetilbod der desse tettstadane er prioriterte.

#### **Venstre vil arbeida for lokalsentra ved å arbeide for at:**

- Det vert nye bustadfelt i nær- og lokalsentra
- Det vert etablert ungdoms- og seniorbustader i alle tettstadane
- Alle sentra får på plass nye reguleringsplanar som sikrar areal til utviding av både offentlege tenestetilbod, næringsutvikling og til bustadføremål.
- Kommunen prioriterer utbygging av viktig infrastruktur som veg, vatn og avlaup m.v.



- Alle lokalsentra fortsett får viktige oppvekstarenaer med minst same gode tilbod som i dag for barn og unge.
- Det skal vere lege, helsestasjon og bibliotek i alle lokalsentra.
- Det skal vere godt kollektivtilbod internt i Alver.

## **5. Omsorg når du treng det**

Folk vil på eitt eller anna stadium i livet ha bruk for omsorg- eller helsetenester. Det vesentlege er at samfunnet kan stilla opp når ein har bruk for meir enn det familien og vener kan gjera. Me er opptekne av at basistilboda som lege og anna helsefagleg kompetanse skal folk få nærast mogleg. For at alle skal kunne ta del i samfunnsbygginga, og syta for seg og sine, er det vesentleg at kommunen og det frivillige lagsarbeidet lukkast i arbeidet med å integrera tilflyttarar og menneske som vert innvilga asyl.

### **Alver Venstre vil:**

- Oppretthalde og vidareutvikla sjukeheimstilboda i Manger, Frekhaug, Lindås og i Knarvik
- Styrke den allmenne helsetenesta gjennom Helsehuset i Knarvik
- At det skal vere legesentertilbod i dei lokale sentra i Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet.
- Utvikle og styrke dei spesialiserte helsetenestene gjennom Helsehuset i Knarvik
- At me skal ha eit godt sjukeheimstilbod.
- Ha eit trygt og godt utbygt heimebasert omsorgstilbod.
- Styrka omsorgstilbudet, så når dei som ikkje klarar å bu heime får plass i omsorgsbustad/sjukeheim.
- Jobbe for at kommunen har tilstrekkelig med omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.
- Ha dagtilbod for eldre i dei lokale sentra i Manger, Frekhaug, Knarvik, Lindås og Ostereidet.
- Vurdere eit meir spesialtilpassa sjukeheimstilbod med fokus på brukarane sine behov.
- Styrke tilbodet til demente.
- Auke satsinga på helse – og trivselsfremjande tiltak for sjukeheimsbrukarar og andre grupper med behov for slike tenester.
- Ta i bruk omsorgsteknologi slik at eldre kan bu heima lenger, og at kvardagen for dei tilsette vert enklare og syte for at det er tilpassa brukarane.
- Etablere ei vaktmeisterteneste for eldre.
- Ha eit dag- og fritidstilbod til menneske med varige funksjonshemmingar.
- Leggje barnet sitt beste til grunn for arbeidet i barnevernet.

- Bidra til auka og spissa barnevernfagleg kompetanse og etterutdanning, med rettleiing.
- Ha ei god rådgjevingsteneste for dei som kjem i ein vanskeleg livssituasjon.
- Styrke støttekontakt og avlastningsordninga.
- Etablere eit dagsentertilbod innan rus og psykiatri, gjerne saman med frivillige lag og organisasjonar.
- Ha ei solid tverrfagleg rusomsorgsteneste i kommunen.
- Etablere ei eigen psykisk helseteneste for barn og unge.
- Tilby sjukepleiarar, jordmødrer og andre helsearbeidarar ein arbeidskvardag der det er mogleg å stå i heiltidsstilling, mellom anna gjennom å sjå på alternative turnusordningar, auka bemanning, avlastning og betre lønnsvilkår.
- Avlaste sjukepleiarar, jordmødre og andre helsearbeidarar for arbeidsoppgåver som kan løysast av andre yrkesgrupper.
- Arbeide for innføring av kommunal bustøtte.

## **6. Framtidsretta arealpolitikk for heile kommunen**

Alver Venstre vil arbeida for gode arealplanar basert på kunnskap, der både kulturlandskap, miljø og viktige natur- og friluftsverdiar vert forvalta på ein god og langsiktig måte. Samstundes vil ein arbeida for at det vert etablert mindre LNF- område for spreidde bustadutbygging i alle grender, og at einskildsøknader, også dispensasjonar, vert handsama med ein positiv grunnhaldning. Det er eit mål at alle skulekrinsar og grender skal ha utvikling med tanke på nye bustadar og styrka folketal.

Det er viktig for Venstre å oppretthalde levande og aktive grender i heile kommunen Alver. Venstre vil kjempe for å stoppe vindkraftplanar i Nordhordland.

## **7. Eit mangfaldig idretts- og kulturliv**

Kultur, idrett og friluftsliv har ein stor eigenverdi i seg sjølv knytt til opplevingar, trivsel og folkehelse. Det er eit mål å også ha gode lågterskeltilbod innanfor kulturlivet. Alver Venstre er oppteken av å leggje til rette for mangfald. Innan idrett- og friluftsliv betyr det å leggje til rette både for den organiserte idretten og fysisk aktivitet hjå flest mogleg innbyggjarar. For kulturlivet betyr det både å ta med seg kulturarven og å sjå det moderne og nyskapande.

**Alver Venstre vil:**

- Støtte og byggje opp gode kulturarenaer, også for eigenorganisert kulturliv.
- Få på plass eit kulturhus i Knarvik.
- Sørge for at offentlege kulturtilbod er økonomisk tilgjengelege for alle.
- Sørge for å halde prisane nede for barneidretten, slik at me sikrar at alle har høve til å delta.
- Kulturskulen skal vere tilgjengeleg i heile Alver, for at barn og unge ikkje skal måtte kjøre langt.
- At Alver kommune skal vere ein aktiv støttespelar for idrettslaga med tanke på vidareutvikling og nybygging av idrettsanlegg.
- At idrettsanlegga har opningstider som sikrar at dei er tilgjengelege for alle også når det ikkje er organisert aktivitet.
- Arbeide for etablering av nye nærmiljøanlegg/ballbingar, spesielt på mindre plassar kor det ikkje er eit eksisterande tilbod.
- Få på plass eit kulturfond for å støtte investeringar og vedlikehald av ungdomshus og forsamlingslokale.
- Satsa på gode turstiar og turvegar.
- Arbeide for vidareutvikling av friluftsområde og badeplassar i Alver i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd.
- Sikre eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Ha betre formidling av kulturminner, mellom anna med informasjonstavler, og ha tilskot til istandsetting/restaurering av kulturminner.
- Vidareutvikle formidling av kulturhistoria, og satse på kulturhistoria på Seim knytt til Håkonshaugen og kongsgarden.
- Vidareføre satsing på Alver som korps- og musikk-kommune og arbeide for å vidareutvikla Manger folkehøgskule.
- Arbeide for vidare utvikling av Utvandarsenteret på Sletta og Lyngheisenteret.
- Auke løyvingane til kulturføremål og utvikle lågterskeltilbod
- Vidareutvikle bibliotektenesta og bokbussen.
- Utvikle gode kulturelle møteplassar som styrkar integreringa.
- Etablere eit vassportsenter for segling, roing og padling i kommunen.
- Støtte opp under lokale festivalar.
- Få bygd Osterhallen.
- Vera positiv til å heise regnbogeflagg utanfor rådhuset på aktuelle dagar.

## **8. Kommunikasjon og samferdsel**

Alver Venstre meiner det er svært viktig å satse på miljøvenlege kommunikasjonar, og vil kjempe for gode bussrutetilbod i heile Alver kommune og vidareutvikling av båtruta mellom Knarvik- Frekhaug-Bergen. Betre bussrutetilbod er viktig for båttilbodet.

### **Alver Venstre vil utvikle vegnettet med følgjande hovudmål:**

- Arbeide for rask bygging av ny firefelts E39 gjennom Åsane frå Vågsbotn til Nordhordlandsbrua.
- At Alver framleis skal vera med i byvekstavtalen (miljøløftet).
- Arbeide for at Alver vert ein trafikksikker kommune.
- Få på plass ein kommunedelplan for trafikktryggleik i Alver kommune.
- Kjempe for auka innfartsparkering i Knarvik/ Flatøy og langs viktige transportkorridorar.
- Etablere innfartsparkering fleire stader i Alver slik at dei som tek buss slepp å betala bompengar når dei skal parkere.
- Arbeide for å realisere alle prosjekt i den vedtekne Nordhordlandspakka.
- Prioritere utbetring av eksisterande vegnett med vekt på trafikktryggleik og fjerning av flaskehalsar, samt få til breiddeutviding på smale vegstrekingar.
- Arbeide for at det vert fortau eller gang-/ sykkelveg rundt alle skulane, der mange barn og unge ferdast.
- Arbeide for at Romarheimstunnelen (E39) mellom Eikefet og Romarheimsdalen vert bygd.
- Få bygd ny bru over Alverstraumen snarast mogeleg.

## **9. Næringsliv**

Alver Venstre meiner at kommunen skal vere aktiv med å leggje til rette for utvikling og omstilling av næringslivet gjennom ulike planar, økonomiske stimuli og medverknad i høve Stortinget, fylkestinget, og andre offentlege og private avgjerdstakarar. Det er naudsynt og viktig at kommunen prioriterer berekraftig næringsutvikling og satsar på gründerar.

### **Alver Venstre vil:**

- Styrke tiltaksarbeidet med særleg fokus på omstilling til det grønne skiftet, knoppskyting frå etablerte verksemdar og etablering av småbedrifter i heile kommunen.

- Utvikle samarbeidet mellom t.d. Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest og offentlege og private organisasjonar.
- Utvikle næringsareal i alle ungdomsskulekrinsane.
- At kommunen skal ta eit større ansvar for etablering av infrastruktur i næringssamanheng, t.d. gjennom etablering av eit kommunalt føretak.
- Støtte opp om grøn utvikling av næringsverksemdene på Mongstad.
- Arbeide for at gründerbedrifter kan få rimelege lokale og god rådgjeving.
- Støtte opp under kulturbasert reiseliv.
- Kjempe for at landbruket får vilkår som bidreg til berekraftig verdiskaping, god landskapspleie og ivaretaking av kulturtradisjon.
- Gå gjennom korleis kommunen praktiserer innkjøpsreglementet, for å fremje innovative innkjøp, grønne innkjøp, gründervennlege anbuds kontraktar, betre konkurranse og mindre detaljerte kravspesifikasjonar, samt innkjøp frå lokale bedrifter.
- Stimulere til drift av nærbutikkar for å sike gode møteplassar i nærmiljøa.
- Utvikle nye former for samarbeid mellom det offentlege og private, med mål om å stimulere bedriftene i ei meir berekraftig og grøn retning.
- Opne for at det kan gjevast sals- og skjenkeløyve til fleire former for næringsverksemd.

## **10. Eit likestilt og inkluderande arbeidsliv**

Arbeid gir oss økonomisk fridom og høve til å utvikle oss som menneske og medborgarar. Å delta i arbeid er òg heilt avgjerande for inkludering og integrering. Det bidreg til auka tilhøyrsløve, motverkar fattigdom og jamnar ut forskjellar. Venstre vil derfor ha eit arbeidsliv som er fleksibelt og tilgjengeleg nok til å passe for folk med ulike føresetnader. Kommunane og lokalsamfunna spelar ei viktig rolle i å inkludere fleire gjennom ordningar som brukarstyrt personleg assistent (BPA), introduksjonskurs som fører til deltaking i arbeidslivet, og samarbeid om tilrettelegging hos bedriftene.

### **Alver Venstre vil:**

- At kommunen skal ta samfunnsansvaret sitt og sørgje for at fleire kjem seg inn i arbeidslivet, ved å ta inn lærlingar, tilby praksisplassar og tilby deltidsordningar for folk med redusert arbeidsevne.
- Sørgje for at tilgangen på individuelt tilpassa assistanse, til dømes tildeling av brukarstyrt personleg assistanse (BPA), skal vere tilgjengeleg og fremje likestilling.

- Gje fleire moglegheit til eit godt arbeidsliv til dømes gjennom ordningar som “Helt med” eller “Ung i jobb”.
- Vidareutvikle VTA bedriftene (Aufera, KIM og Gløde).

## **11. God arbeidsgjevarpolitikk**

Alver Venstre vil at Alver kommune skal ha ein god arbeidsgjevarpolitikk, med langsiktige og gode arbeidsvilkår for dei tilsette. Det er eit mål å gje dei tilsette trygge rammevilkår, og at kommunen på den måte skal ha ein god plattform for å kunna rekruttere og behalda gode arbeidstakarar.

### **Alver Venstre vil:**

- At Alver kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass for dei som arbeider der.
- Gå i mot forsøk på konkurranseutsetjing, utskiljing og privatisering av eksisterande offentlege tenester. Vi vil akseptere at nye tenester kan etableres i privat regi, og at eksisterande private tenester vidareføres, men utan at det er eit mål i seg sjølv.
- Arbeide for retten til heiltidsstillinga, og sikre og styrke samarbeidet med partane i all omstilling- og kvalitetsutviklingsarbeid.
- Vere aktiv i likestillings- og integreringsarbeid og i arbeidet mot sosial dumping.
- At det skal vere minst ein lærling per 500 innbyggjarar i kommunen.
- Gje dei ansatte i hemetenesta gode og varme arbeidsklede, som gjer dei i stand til å utføre arbeidet sitt på ein forsvarleg måte.

## **12. Betre dyrevelferd**

Dyr har ein eigenverdi ut over den nytteverdien dei har for oss menneske og for samfunnet. Velferda til dyra, helsa deira og tryggleiken må sikrast. Dyr må kunne utøve meir av den naturlege åtferda si og ha eit liv som er verdt å leve.

### **Alver venstre vil:**

- Jobbe for at det blir etablert gode og forpliktande samarbeidsforum mellom kommunen og dyrevennorganisasjonar.
- Gjere tydeleg kva for nokre offentlege instansar som har ansvar for å ivareta skadde dyr, og ha tilsyn med dyrevelferden i kommunen.
- Jobbe for at Alver kommune får eigen dyrevelferdsplan.
- Jobbe for at dyrevelferd blir ivareteke i landbruket.

- Jobbe for at dyrelivet skal ha gode og samanhengande areal i kommunen.